
MØTEINNKALLING

**Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen**

Medlemne av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

tysdag, 20.08.2019 kl. 16.05 i Formannskapssalen.

SAKLISTE:

- Sak 14/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 03.06.2019
- Sak 15/19 - Oppfølging av sak 06/19 - Førespurnad frå kommunestyrerepresentant Frank Sve
- Sak 16/19 - Vurdering av revisors uavhengigheit
- Sak 17/19 - Rapport etter rekneskapsrevisjon 2018 – Stranda kommune

Melding: Vedtak - Forvaltningsrevisjonsrapport «Oppfølging av minoritetspråklege barn i Stranda kommune»

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Sak 14/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 03.06.2019

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 03.06.2019 kl. 16.05

Møtestad: Formannskapssalen, kommunehuset

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Helge Kvame, Ole Jørgen Sve, Eva Rinde Habostad og Inge Røyarhus (vara)

Meldt forfall: Anne Melgaard Tårn

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte forvaltningsrevisor Lillian Kristoffersen og ansvarleg revisor Anne Nygård. Frå administrasjonen møtte rådmann Åse Elin Hole.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste. Kontrollutvalet valde å handsame sak 13/19 etter sak 09/19.

Sak 09/19 Godkjenning av møtebok frå møte 08.04.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 8. april 2019 blir godkjent.

Sak 10/19 Årsmelding 2018 Stranda kommune

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 27. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2018 for Stranda kommune til vitande.

Sak 11/19 Kommunerekneskapen 2018 Stranda kommune

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 27. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til uttale:

Stranda kommune sin rekneskap for 2018 blir godkjent.

Sak 12/19 Særrekneskapen 2018 Stranda Hamnevesen KF

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 27. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til uttale:

Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2018 blir godkjent.

Sak 13/19 Forvaltningsrevisjonsrapport «Oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune»

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 27. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling:

1. Kommunestyret viser til revisjonsrapportens konklusjonar i kapittel 6, og føreset at rådmann tek rapporten til etterretning, og følgjer opp dei tilrådingar som blir gitt.
2. Kommunestyret føreset at det blir utarbeidd *eigne retningslinjer* innan områda:
 - overgangen mellom barnehage og skule for minoritetsspråklege barn
 - mottak av minoritetsspråklege elevar i skulen, og kartlegging av språkkunnskapen
 - kartlegging av behov for morsmålsopplæring, og organisering av alternativ opplæring.
3. Kommunestyret ber om ei vurdering av ei form for avlastning for Ringstad skule si rolle som hovudmottakar for minoritetsspråklege elevar.

Eventuelt:

Det blei opplyst frå Anne Nygård frå Kommunerevisjon 3 at kontrollutvalet på sitt neste møte 20. august 2019 vil få ein rapport kring utvalde tema ved rekneskapsrevisjonen 2018.

Møtet var slutt kl. 17.30

Inge Gjærde Helge Kvame Ole Jørgen Sve Eva Rinde Habostad Inge Røyarhus
leiar nestleiar medlem medlem varamedlem

(sign.)

(sign.)

(sign.)

(sign.)

(sign.)

Sak 15/19 - Oppfølging av sak 06/19 - Førespurnad frå kommunestyrerepresentant Frank Sve

Vedlegg: Brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal – lovlegklage – kommunestyresak 007/19

Bakgrunn: Frå møteboka til Stranda kontrollutval 8. april 2019.

Sak 06/19 - Førespurnad frå kommunestyrerepresentant Frank Sve. Systematisk brot på Stranda kommune sitt saksbehandlingsreglement.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 1. april 2019

Ole Jørgen Sve bad om å få vurdert habiliteten sin og fråtredde møtet.

Kontrollutvalet erklærte han inhabil. Ingen vara tiltredde.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak: Kontrollutvalet finn å ville avvente fylkesmannen si behandling av innsend lovlegheitsklage, datert 14.02.2019, før ein vurderer om dei spørsmåla som på same tid er reist om kommunal saksbehandling m.v. bør takast opp til behandling i utvalet.

Vurdering:

Dei spørsmåla som er reist i brev frå Frank Sve til kontrollutvalet datert 15.02.19, vurderer sekretariatet som avklart etter fylkesmannens avvising av lovlegklage datert 14.02.19 (jf. brev frå fylkesmannen 06.06.19).

Spørsmål om eventuelle brot på *Lov om offentlige anskaffelser* er ikkje tatt opp direkte overfor kontrollutvalet, og fylkesmannen har ikkje vurdert denne sida av saka, fordi slike spørsmål ikkje kan gjerast til gjenstand for lovlegkontroll.

Sekretariatet meiner at det kan være sakleg grunnlag for å sjå nærare på om gjennomføring av prosjektet *Kompetanseheving – bruk av heiltre i offentlege/private bygg*, slik det er skissert i søknaden, vil vere i konflikt med lovverket.

Kontrollutvalet bør tilrå at kommunen innhentar kompetent juridisk vurdering om måten prosjektet er tenkt gjennomført. Dette for å førebygge at det blir gitt konkurransefortrinn til enkelte firma eller gjort andre brot på *Lov om offentlige anskaffelser*.

Ein rapport frå kontrollutvalet om saka kan eventuelt kome etter at prosjektet er gjennomført.

Tilråding til vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til fylkesmannen si avgjerd i brev av 06.06. d.å. i høve kravet om lovlegkontroll knytt til kommunestyrevedtak i sak 007/19.
2. Utvalet har merka seg at fylkesmannen ikkje har merknader til saksbehandling og innhald som gjeld gyldigheita av kommunestyrevedtaket, og vel å ikkje gå vidare med førespurnaden frå Frank Sve på desse områda.

3. Utvalet føreset at prosjektet Kompetanseheving – bruk av heiltre i offentleg/private bygg - blir i samsvar med lov om offentlige anskaffelser.
4. Kontrollutvalet vil vurdere tilhøvet til anskaffingsregelverket og andre tilhøve knytt til gjeldande regelverk etter at prosjektet er gjennomført.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



STRANDA KOMMUNE
Øyna 13
6200 STRANDA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Susanne Fostvedt, 71 25 84 35

Stranda kommune - lovlegklage - kommunestyresak 007/19

Fylkesmannen finn ikkje grunnlag for å oppheve Stranda kommune sitt vedtak i sak 007/19.

Fylkesmannen viser til kommunen si oversending av 22.03.2019 med krav om lovlegkontroll av kommunestyrevedtak i sak 007/19.

Kommunestyret gjorde den 13.02.2019, under sak 007/19, vedtak om å søkje klimasatsmidlar med følgjande vedtak:

«1. Stranda kommune søker midlar til klimatiltak etter ordninga Klimasats - støtte til klimasatsing i kommunene, med følgjande søknader:

- *Kompetanseheving – bruk av heiltre i offentlege/private bygg*
- *Berekraftige transportløyseringar i verdsarvkommunen Stranda: Korleis kan Stranda med den særeigne statusen som verdsarvkommune, utnytte alle bygdelaga med tilhøyrande infrastruktur på sjø og land, på ein berekraftig og framtidretta måte, og slik at ein fremjar BÅDE miljø og verdiskaping.*
- *Oppfølging av energi- og klimaplan i skulen 2019*

2. *Ein føresetnad for gjennomføring av klimasatsprosjekta er at budsjett og organisering av det einskilde prosjekt vert lagt fram for kommunestyret for endeleg godkjenning»*

Tre av kommunestyret sine medlemmer har i brev datert 14.02.2019 kravd lovlegkontroll av dette vedtaket. Klagen rettar seg mot sakshandsaminga, og om innhaldet av vedtaket er lovleg.

I møte den 21.03.2019 har kommunestyret, under sak nr. 020/19, oppretthaldt vedtaket i sak nr. 007/19. Saka er etter dette oversendt fylkesmannen.

Fylkesmannens merknader:

E-postadresse:
fmmrpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Postboks 2520
6404 Molde

Besøksadresse:
Julsundvegen 9

Telefon: 71 25 84 00
www.fylkesmannen.no/mr

Org.nr. 974 764 067



Etter kommunelova (koml) § 59 nr. 1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret bringe ei avgjerd i kommunen inn for fylkesmannen til kontroll av om avgjerda er lovleg. Fristen for framsetting av krav om lovlegkontroll er tre veker frå avgjerdstidspunktet.

Kravet om lovlegkontroll er her framsett av tre medlemmer av kommunestyret innanfor fristen på tre veker. Vilkåra for å ta saka opp til lovlegkontroll er såleis oppfylt.

Fylkesmannen kan etter dette ta stilling til om avgjerda er innhaldsmessig lovleg, om den er treft av nokon som har myndigheit til å treffe slik avgjerd, og om den har blitt til på lovleg måte. Fylkesmannen har ikkje kompetanse til å treffe ny avgjerd i saka, berre til å oppheve kommunen si avgjerd dersom denne er ugyldig.

Avgjerd i organ med nødvendig myndigheit

Klagarane viser til at vedtaket ikkje er i tråd med kommunen sitt interne delegasjonsreglement då dette saksområde er delegert til MK/PLA utvalet i kommunen. Avgjerda i denne saka er treft av kommunestyret. Sjølv om kommunestyret har delegert mynde til andre organ, har dei fortsett si eiga mynde i behald. Det er såleis klart at vedtaket er treft av eit organ med nødvendig myndigheit.

Innhaldet i avgjerda

Av kommunelova § 59 nr. 1 fjerde punktum går det fram at «*Spørsmål om det foreligger brudd på bestemmelser gitt i eller i medhold av lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser kan heller ikke gjøres til gjenstand for lovlighetskontroll.*»

Fylkesmannen vil derfor ikkje ta stilling til om vedtaket bryt med lov om offentlig anskaffelser som hevda av kommunestyrerepresentantane.

Klagen i saka retter seg mot søknad om midlar til klimatiltak strekpunkt 1 og 2 i vedtaket.

Kommunen skriv i søknaden at dei skal bidra med eigne midlar på kr. 1 500 000 og kr. 300 000 til prosjekta. Dette er ifølgje klagarane ikkje forankra i vedtatt budsjett. Klagarane ber fylkesmannen ta stilling til om vedtaket er i strid med kommunen sitt budsjettvedtak og fylkesmannen si lovlegkontroll jf. kommunelova § 60 av kommunen sitt budsjett.

Av kommunelova § 46 følgjer det at årsbudsjettet er ein bindande plan for kommunens midlar og bruk av disse ut budsjettåret. Kommunestyret skal jf. kommunelova § 47 foreta naudsynte endringar i budsjettet i løpet av året. Det er derfor ikkje i strid med kommunen sitt budsjettvedtak å gjere naudsynte endringar i årsbudsjettet som følgje av omdisponering av midlar.

Av kommunelova § 60 kan Stranda kommune ikkje gjere «*vedtak om opptak av lån eller vedtak om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre kommunen eller fylkeskommunen utgifter ut over de fire neste budsjettår*» utan at det først er godkjent av fylkesmannen. Andre naudsynte endringar av budsjettet kan kommunen gjere utan fylkesmannen si godkjenning.



Det går ikkje fram av kommunen sitt saksframlegg kor midlane skal hentast frå i budsjettet. Det er derfor uklart for fylkesmannen om prosjekta er avhengig av budsjettendringar eller om midlane kan hentast ut av allereie godkjende poster.

Vedtaket innehald inneber uansett ikkje ei forpliktande bruk av midlar som forutset et forutgåande budsjettvedtak. Vedtaket legg føringar for klimasatsprosjekta, men det føreset likevel ytterlegare prosessar og vedtak før ein har eit endeleg vedtak om gjennomføring av prosjekta. Fylkesmannen kan derfor ikkje sjå at avgjerda er av eit slikt innhald at denne er i strid med lov eller reglar gitt i medhald av lov.

Saksbehandlinga

Det er eit alminneleg forvaltningsrettsleg krav at avgjerder skal treffast på grunnlag av ei forsvarleg saksbehandling.

Det er i klagen teke opp fleire tilhøve knytt til behandlinga av saka. Blant anna bruk av eigne midlar, samarbeid med andre partar, samt val av materiale for brannstasjon utan at dette er tilstrekkeleg utgreidd på forhand.

Det vedtaket som vart treft inneber at kommunen skal søke om midlar for eventuelt å gjennomføre prosjekta. Dersom dei får positive tilsegn på midlar til prosjekta på bakgrunn av søknaden må kommunen vurdere om dei skal ta imot midlar og gjennomføre prosjekta. Vidare avklaringar og planlegging må gjennomførast før prosjekta kan realiserast i tråd med vedtaket punkt 2. Spørsmål som må avklarast er kor pengar skal hentast frå i budsjettet, om dei er avhengig av budsjettendringar og andre spørsmål om samarbeidspartar og form på prosjektet.

Dei undersøkingane som er gjennomført til no har difor vore på eit overordna nivå. Kor strenge krav ein må stille til saksutgreiinga må sjåast i samheng med at ytterlegare prosessar og vedtak vil vere påkravd før ei endeleg avgjerd om gjennomføring vert teken.

Etter ei konkret vurdering kan fylkesmannen ikkje sjå at det ligg føre opplysingar som tilseier at saka ikkje har vore forsvarleg utgreidd før kommunestyret gjorde vedtak om å søke om midlar for ei eventuell gjennomføring av tre klimasatsprosjekt.

Fylkesmannens vedtak:

Med heimel i kommunelova § 59, jf. rundskriv H-25/92 og H-2299 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, finn fylkesmannen ikkje grunnlag for å oppheve kommunestyret sitt vedtak i sak nr. 026/18.



Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
direktør

Susanne Fostvedt
Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Sak 16/19 - Vurdering av revisors uavhengigheit

Vedlegg: Brev frå Kommunerevisjon 3 IKS datert 17. juni 2019

Bakgrunn:

Oppdragsansvarleg revisor og revisor sine medarbeidarar på oppdraget skal vere uavhengige. Dei kan ikkje ha ei tilknytning til kommunen som går ut over ei uavhengig eller objektiv gjennomføring av revisjonen. Dette inneber mellom anna at dei ikkje kan:

- Ha andre stillingar, eller vere medlem av styrande organ, hjå kommunen eller verksemd som kommunen har økonomiske interesser i.
- Delta i eller ha funksjonar i anna verksemd, dersom dette er i konflikt med rolla som revisor for kommunen.

I vurderinga av om revisor er uavhengig, er det også relevant om revisor sine nærstående eller revisor sine medarbeidarar har tilknytning til kommunen.

Det er vidare lagt avgrensingar på kva andre tenester revisor kan levere til kommunen. Dette gjeld:

- Rådgjevingstenester dersom desse er eigna til å reise tvil om revisor er uavhengig.
- Tenester som har med leiing og kontroll i kommunen å gjere.
- Å opptre som fullmektig for kommunen.

Dei som utfører revisjon for kommunen skal sjølve vurdere fortløpande om dei er uavhengige. Oppdragsansvarleg revisor skal årleg levere ei skriftleg eigenvurdering av sitt sjølvstende (uavhengigvurdering) til kontrollutvalet. Denne ligg som vedlegg.

Oppdragsansvarleg revisor kan vurdere å endre fordelinga av oppgåvene til dei enkelte medarbeidarane over tid, slik at ein enkelt revisor ikkje blir sitjande med dei same oppgåvene over ein for lang periode.

Innstilling til vedtak:

Kontrollutvalet i Stranda kommune tek revisors vurdering av uavhengigheit til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Til kontrollutvalget

i Stranda kommune

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Komrev3 IKS revisjonsplaner vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i (fylkes)kommunen eller i virksomhet som (kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som (fylkes)kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges, dvs. kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Stranda kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Stranda kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tjenester utføres av Komrev3 IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i></p>
Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Stranda kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Komrev3 IKS for tiden opptrer som fullmektig for Stranda kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i>

Ålesund, 18. juni 2019

Anne Nygård
Anne Nygård

Oppdragsansvarlig revisor Stranda kommune

Sak 17/19 - Rapport etter rekneskapsrevisjon 2018 – Stranda kommune

Vedlegg: Rapport rekneskapsrevisjon 2018 – Stranda kommune, datert 6. august 2019.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjere dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhald i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i Revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislege handlingar

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapa, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

For ei fagleg vurdering vises det til vedlagte rapport. Kontrollutvalet sitt ansvar omfattar ikkje ei fagleg vurdering av korleis revisjonen blir utført, då revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for dette.

Innstilling til vedtak:

1. Stranda kontrollutval tek revisjonsrapporten 2018 til vitande.
2. Stranda kontrollutval ber kommunestyret merke seg punktet i rapporten om byggesakshandsaming. Kontrollutvalet føreset at desse merknadane blir vurdert snarast.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutval sekretariat IKS

Mottakere:
Stranda kontrollutval
Rådmannen i Stranda kommune

Vår saksbehandlar:

Vår dato:
06.08.2019
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Rekneskapsrevisjon 2018 – Stranda kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapskapen for rekneskapsåret 2018 for Stranda kommune.

Vår oppgåve er i første rekke å gi ein uttale om årsrekneskapskapen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapskapen, gi ei uttale om disponeringar i forhold til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapskapen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2018. I dette notatet vil vi gi nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i forhold til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommuner mv.

Utvalde tema rekneskapsrevisjon – Stranda kommune

Periodisering av variabel løn

Stranda kommune har tidlegare år bokført variabel løn i desember som utgift året etter. Etter anordningsprinsippet skal alle kjente utgifter som er påløpt i regnskapsåret utgiftsførast. Vi har påpekt dette, og i 2018 har kommunen endra praksis. Det er ved årsslutt gjennomført avsetnad for utgifter til variabel lønn for desember i 2018 på kr 2,9 millionar. Dette gjeld variabel løn utbetalt i januar 2019 og heilagdagstillegg utbetalt i februar 2019.

Finansreglement – rutinar for finansforvaltninga

Kommunen har rutinar som var tilpassa det gamle finansreglementet. Etter at det vart vedteke nytt finans- og gjeldsreglement i februar 2018, bør det vere nye reviderte rutinar. Det er utarbeidd eit utkast til nye rutinar, som rådmannen planlegg å handsame i leiargruppa før ferien.

Postadresse:
Postboks 7734, Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse:
Lerstadveien 545, 4 etg.
Epost:
komrev3@komrev3.no

Telefon:
70 17 21 50
Føretaksregisteret:
NO 971 562 587

Rutinar for førebygging av misleg framferd, pasientmidlar og byggjesaksbehandling

Pasientmidlar

Kommunen har etablerte rutinar for handsaming av pasientmidlar for langtidspasientar på institusjon og for brukarar i rehabilitering – habilitering. For pasientar i institusjon er det sett ei grense på kr 1000, for oppbevaring på avdelinga. Utgifter til fotpleie, frisør med meir vert fakturert og sendt pårørande eller verje.

For rehabilitering - habilitering vert det inngått avtale med verje dersom tenestemottakar treng bistand med personleg økonomi. Personalet skal føre rekneskap i medhald av prosedyre.

Vi meiner at rutinane bidreg til å redusere risikoen for misleg framferd.

Byggjesakshandsaming

Kommune har ingen skrivne rutinar for å førebyggje misleg framferd i byggjesakshandsaminga. Det er generelle reglar for all verksemd i kommunen. Ethiske retningsliner §7 seier:

Tilsette og folkevalde skal til ei kvar tid og ved eit kvart høve unngå å kome i situasjonar som kan medføre konflikt mellom kommunens interesser og personlege interesser. Dette kan også gjelde tilhøve som ikkje vert ramma av reglane om habilitet i forvaltningslova.

Vår vurdering er at kommunen bør vurdere å gjennomføre ei risikoanalyse og utarbeide skriftlege rutinar for å førebyggje mogleg misleg framferd i byggjesakshandsaminga. Dette er eit område der det etter vår vurdering kan vere press på sakshandsamarar, og som det vil vere viktig å førebyggje.

Testing av rutinane for fakturering av heimehjelp, tryggleiksalarm og matombringning

Vi gjennomfører rullerande kontrollar av sal og fakturering. I 2018 har vi mellom anna testa rutinane for fakturering i heimetenestene.

Vi tok utgangspunkt i vedtak, og følgde rutinen frå vedtak til fakturering, og frå faktura tilbake til vedtak. Der vi tok utgangspunkt i vedtaka, fann vi ikkje avvik. Der vi tok utgangspunkt i faktura fann vi eit tilfelle av manglande vedtak. Årsaka til dette avviket var at det hadde vore sjukefråvær og bruk av vikar. Vedtak kom på plass før vi avslutta kontrollen.

Vi fann ikkje avvik på bruk av vedtekne kommunale satsar.

Testing av rutinane for fakturering i Stranda hamnevesen KF

Hamna sine inntekter består av ein del som skal prisast til sjølvkost. Dette gjeld anløpsavgifta . Denne har heimel i Havnelova §25. Iflg. denne kan kommunen vedta forskrift om anløpsavgift for Stranda kommune sitt sjøområde. Denne blir sendt på høyring til ulike instansar, og etter høyringsfristen vart den vedteke i kommunestyret den 14.02.2018 i sak 003/18.

Det vesentlege av inntektene skriv seg frå vederlag vedteke i eige regulativ. Dette vart vedteke i kommunestyret den 14.12.2017 i sak 038/17.

Vi har kontrollert med utgangspunkt i dei vedtekne regulativa både for anløpsavgift og andre vederlag. Vi har ikkje funne avvik her.

I tillegg er der andre mindre faktureringer der prisane ikkje er teke med i regulativet, sidan dette er tenester ein normalt ikkje leverer. Dette kan vere levering av vatn og straum som blir fakturert etter rekning. Det kan vere båtar i opplag der ein avtalar ein pris.

Når det gjeld Hurtigruta har den ein eigen avtale med utgangspunkt i dei daglege anløpa.

Andre forhold*Fastrentedel i gjeldsportefølja*

Stranda kommune har nokre år hatt berre lån med flytande rente. I 2018 er det teke opp lån med fast rente og 10 års bindingstid på 120 mill. Det utgjør 17 % av gjeldsportefølja. Finansreglementet har krav om at det skal vere minimum 20 %; *Gjeldsportefølja skal ha ein fastrentedel på minimum 20% og maksimum 50% (lån med rentebinding 1 år fram i tid og over).*

I tertialrapporten per august 2018 er det på side 19 og 20 opplyst om alle lån, og økonomisjefen meiner at det støtter finansreglementet når VAR-lånene er trekt ut. Vi er ikkje einige i denne tolkinga av finans- og gjeldsreglementet, men forholdet er akseptert av same politiske organ som vedtok finans- og gjeldsreglementet.

Manglande bokføring av sal av anleggsmidlar

Gjennom vår ordinær bilagskontroll i samband med attestasjon av momskompensasjon, har vi funne to avvik ved sal av anleggsmidlar.

I dei eine tilfelle var det inngått ein avtale om makebytte der kommunen skulle selje ein del av ei tomt/parkeringsplass mot at kjøparen utførte eit arbeide som motyting. Avtalen hadde ikkje verdsett tomte/parkeringsplassen, og kommunen hadde ikkje fått tilbod på den teneste som skulle vere motyting. Transaksjonane er ikkje bokført. Etter vår vurdering skulle transaksjonane vore bokført i tråd med bruttoprinsippet.

I det andre tilfelle var det eit innbytte av ei gamal maskin. Innbytta maskin var trekt frå i fakturaen på kjøp av ny parktraktor. Ved innbytte er det to transaksjonar; eit sal og eit kjøp. Begge transaksjonane skulle etter vår vurdering vore bokført i tråd med bruttoprinsippet.

Feil i grunnlaget for eigedomsavgifter

Avgift for vann og avløp vert fakturert etter storleiken på eigedomane.

I 2017 vart det oppdaga at det var feil i grunnlaget (areal) for eigedomsavgiftene på mange eigedomar.

Kommunen har arbeidd med å kontrollere areal. Gjennom arbeidet i 2018 har dei har kome til at det var feil med om lag 200 eigedomar, og 95 % av desse hadde fått for lite gebyr.

I 2019 vil det bli fakturert korrekt gebyr.

Med helsing

Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

Ann-Kristin Melseth
revisor

Melding om vedtak

Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat

Vår ref.:
2019000888- 3

Dykkar ref.:

Arkiv:

Dato:
28.06.2019

Vedtak - Forvaltningsrevisjonsrapport «Oppfølging av minoritetsspråklege barn i Stranda kommune»

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

26.06.2019 KOMMUNESTYRET 060/19

Vedtak samrøystes:

1. Kommunestyret viser til revisjonsrapportens konklusjonar i kapitel 6 og føreset at rådmann tek rapporten til etterretning, og følgjer opp dei tilrådingar som blir gitt.
2. Kommunestyret føreset at det blir utarbeidd *eigne retningslinjer* innan områda:
 - overgangen mellom barnehage og skule for minoritetsspråklege barn
 - mottak av minoritetsspråklege elevar i skulen, og kartlegging av språkkunnskapen
 - kartlegging av behov for morsmålsopplæring, og organisering av alternativ opplæring.
3. Kommunestyret ber om ei vurdering av ei form for avlastning for Ringstad skule si rolle som hovudmottakar for minoritetsspråklege elevar.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Bjørn Tømmerdal
Kommunerevisjonen

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.